

FOTNOTE ELLER TEKST?


Foredrag på Norsk Arkivråds konferanse i Bergen 27. mars 2012

Gudmund Valderhaug

Institutt for arkiv-, bibliotek. og informasjonsfag

Høgskolen i Oslo og Akershus

It's payback time!



Fotnote eller tekst?

Arkiv og arkivarar i det 21. hundreåret

Gudmund Valderhaug

Er arkivet samfunnets fotnote eller er ein del av teksten?

BLD, t.d.

- e-postfella:
 - Dokument blir halde utanfor det «offisielle arkivet»
 - Men finst i eit anna arkiv: e-postsystemet
- Lærdommar:
 - Teknologien har utvida rammene for kva som kan arkiverast
 - Arkivet er ein del av samfunnsteksten:

Utan arkiv stoppar Norge!

Ei anledning for synleggjering

- Viktigheita av gode rutinar for journalføring (og arkiv generelt)
- Forvaltningsarkivarens samfunnsrolle: Fotnote eller til stades i teksten?

Vilde Ronge er til stades!

- Innlegg i BT 7. mars om BLD-saka
- Nokre spissformuleringar:
 - Arkivdanning er forvaltning, ikkje kultur
 - Behov for ein innsats frå styresmaktene for å styrke arkivdanninga
 - ”Anerkjenn arkivdanning som et eget fagområde!”
 - ”Løft oss ut av Kulturdepartementet og inn i Fornyings-, administrasjons- og kirke departementet!”
 - For at vi saman kan bidra til betre arkiv, betre saksbehandlingsrutinar, komplette journalar og ei meir gjennomsiiktig forvaltning

Tre kommentarer

- Arkiv som forvaltning og/eller kultur
- Vilkåra for styrking av arkivfunksjonen i offentleg forvaltning og private verksemdar
- Utdanning og forskning som nødvendig grunnlag for profesjonsbygginga

Det motsetningsfulle arkivet

- Arkivdanning kontra depot, eller forvaltning kontra kultur, eller evidens kontra minne ?
- Er dette uforsonlege motsetningar eller
- *dei to sidene av den arkivale mynten,*
- fanga i ei kreativ spenning, der begge er verdilause utan den andre, sjølv om dei representerer fundamentalt ulike arkivfaglege posisjonar?

Arkivets kjenneteikn

- Det som skiller arkiv frå annan informasjon er arkiv er *både* evidens og minne, forvaltning og kultur
- Samtidig er arkivdanning er *i seg sjølv* ei kulturell ytring som menneskesamfunna alltid har brukt til å dokumentere og hugse
- Karakteren til arkivdanninga er avhengig av teknologiske, sosiale, kulturelle og politiske forhold
- Nettopp fordi arkivet er ein del av samfunnsteksten

Arkivkontinuiteten

- Arkiv handlar i ein forstand alltid om fortid, om det som vart gjort eller bestemt i fjor, i går, eller for eitt minutt sidan
- men arkiveringa er samtidig ein kontinuerleg prosess; den sluttar ikkje når ei sak blir avslutta men kan halde fram gjennom administrativ gjenbruk, bevaringsvurdering, ordning, beskriving, tilgjengeleggjering, formidling og ny bruk av arkivdokumenta som rettsdokumentasjon, slektsforsking, profesjonell forsking etc osb
- Arkivet døyr aldri!

Arkiv og makt

”Det finst ingen politisk makt utan kontroll over arkivet.”

(Jacques Derrida, og John Herstad(!))

- Jf. Høyringa om Kulturdepartementets forslag til endringar i arkivforskrifta: samtlege departement som uttalte seg støtta forslaget
- Ein styrka og gjennomsiktig arkivfunksjon i forvaltninga kjem ikkje gjennom myndighetstiltak åleine (men kan heller bli motarbeida av mange myndigheitsaktørar)
- Ein sterk, fagleg kompetent og sjølvbevisst arkivarprofesjon er nødvendig!

Finst det ein arkivarprofesjon?

- ”Det er vanlig å omtale profesjoner som yrkesgrupper som har en autonomi i utføringen av sine arbeidsoppgaver. Det vil si at de er i en viss grad selvstyrende yrkesgrupper; det som forventes å styre deres virksomhet er en mer eller mindre eksklusiv fagkunnskap og en yrkesetikk.” (Senter for profesjonsstudier, HiOA)
- Implisitt: Medlemene av profesjonen har ei felles utdanning
- (som ofte byggjer på eit vitenskapleg grunnlag)

Arkivutdanninga ved HiOA

- skal vere ei profesjonsutdanning som kvalifiserer for arbeid i arkivteneste og arkivdepot
- behandlar heile arkivkontinuiteten, men legg hovudvekta på digital arkivdanning og –bevaring
- legg vekt på å utvikle studentane si forståing av arkivarrolla og arkiva sine samfunnsmessige funksjonar
- og er stadig under utvikling!

Frå deltid til fulltid

- Starta som deltidsutdanning i 2003 med ei årseining (60 stp), revidert 2005 med fire emne:
 - Arkiv og samfunn, arkivteori og arkivsystem, arkivplan, bevaring og kassasjon, publikumstenester, etikk og rolleforståing
- Kontinuerleg utvida med påbyggingseiningar:
 - Digital arkivdanning og bevaring, digitalt depot
- Bachelorstudium etter 2+1-modellen frå hausten 2010
 - (men overgangen frå deltid til fulltid har til ein viss grad gått ut over den faglege kontinuiteten i faget...)

Bachelorprogrammet

- vil bli gjenstand for ein viss revisjon i løpet av det kommande året
- Samtidig tar vi sikte på å kunne tilby eit fullt bachelorløp i om ikkje altfor mange år
- I desse prosessane vil vi hente inn synspunkt utanfrå
 - m.a. med ein workshop med NA-miljøet i september/oktober

Kva skal ein arkivbachelor kunne?

- for eksempel (eit utval "ferdigheitskrav" i studieplanen):
 - redegjøre for arkivenes funksjoner som administrativ dokumentasjon, grunnlag for innsyn i forvaltningen, rettslig dokumentasjon og kilder for kunnskap om fortida
 - kan bruke arkivfaglig teori og metode til å analysere arkivdanningsprosesser i offentlig forvaltning
 - kan analysere og forklare utfordringer knyttet til elektronisk arkivdanning og bevaring
 - er i stand til å gjøre rede for fagetiske utfordringer og prinsipper knyttet til bevaring og tilgjengeliggjøring av arkiv
 - kan gjennomføre og begrunne selvstendige vurderinger av forespørsler om innsyn og partsinnsyn i arkiv

...forts...

- kan bruke DIRKS-metoden til å analysere kort- og langsiktige dokumentasjonsbehov i en virksomhet og bruke analyseresultatene som grunnlag for en arkivplan
- kan gjennomføre og begrunne en selvstendig bevarings-/kassasjonsvurdering av et arkiv
- kan analysere og beskrive de ulike utfordringer knyttet til danning, bevaring og tilgang til elektroniske arkiver
- kan analysere og redegjøre for metadata som inngår i et elektronisk uttrekk og hvordan metadata kan videreutvikles ved behov
- kan anvende teorier, modeller og metoder i arbeid med å eksportere data fra elektroniske arkiv og motta, kontrollere elektroniske avleveringer

”en eksklusiv fagkunnskap”

- om arkivfaglege teoriar, metodologiar og teknikkar som er integrert med arkivrelevant datakompetanse
- Målet er at bachelor i arkiv frå HiOA skal bli den kompetansen som er etterspurt både i arkivtenesta i forvaltninga og arkivdepot
- og bidra til etableringa av ein nasjonal arkivarprofesjon

Vegen framover

- Masterstudium? Ja, under ein felles bibliotek- og informasjonsvitskapleg paraply, men med eigne arkivemne
- FoU: f.eks.
 - PhD-stipendiat
 - Noark 5-kjerne med open kjeldekode
 - Arkivhausting frå sosiale media
 - Forskingsseminar 23. april i samarbeid med LLP
- (men vi er eit nytt fagmiljø og relativt mykje ressursar må brukast på utviklinga av studiet)

Open ending

- Dersom forvaltninga skal ta arkivdanninga på alvor, er dette sannsynlegvis avhengig av (minst) to faktorar:
 - Sentrale overordna tiltak av ulike slag
 - Ein sterk og sjølvbevisst arkivarprofesjon
- (men det same faktisk tilfelle når det gjeld bevaring og formidling av ein arkivbestand som kan vere nokolunde representativ for samfunnet)
- Ved HiOA ønskjer vi å bidra til den heilt nødvendige profesjonsbygginga